



KLAGENEMNDSSEKRETARIATET

ÅRSRAPPORT
FOR
KLAGENEMNDSSEKRETARIATET
2017

Innhold

I. Leiarens fråsegn	3
2.1 Nytt organ: Klagenemndssekretariatet.....	3
II. Introduksjon til verksemd og hovudtal	5
2.1 Etableringa av klagenemndssekretariatet.....	5
2.2 Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA)	5
2.3 Konkurransklagenemnda (KKN).....	5
2.4 Medieklagenemnda	6
2.5 Stiftelsesklagenemnda	6
2.6 Lotterinemnda.....	6
2.7 Frivilligregisternemnda.....	6
2.8 Mål for 2017	7
2.9 Organisasjonsstruktur for Klagenemndssekretariatet.....	8
2.10 Inkluderande arbeidsliv, verneombod og bedriftshelseteneste	9
2.11 Økonomi i Klagenemndssekretariatet	10
III. Aktivitetar og resultat i 2017	11
3.1 Nøkkeltal.....	11
3.2 Aktivitet i Klagenemnda for offentlege anskaffingar for 2017.....	12
3.3 Konkurransklagenemnda.....	16
3.4 Stiftelsesklagenemnda	16
3.5 Lotterinemnda.....	18
3.6 Frivilligregisternemnda.....	21
3.7 Medieklagenemnda	22
IV. Styring og kontroll i verksemda	25
4.1 Forventningar til saksutviklinga.....	25
4.2 Kompetanseoverføring	25
4.3 IKT	26
4.4 Infrastruktur	26
4.5 Effektiviseringstiltak.....	26
4.6 Styring og kontroll	27
4.7 Avvikshandsaming.....	27
4.8 Risikovurderingar	27
V. Vurdering av framtidsutsikter	28
VI. Årsrekneskap	30
6.1 Leiarens kommentar årsrekneskap for 2017.....	30
6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen	32

I. Leiarens fråsegn

1.1 Nytt organ: Klagenemndssekretariatet

Klagenemndssekretariatet blei oppretta 1. april 2017. Organet betener seks ulike nemnder: Klagenemnda for offentlege anskaffingar, Konkurransklagenemnda og fire nemnder underlagt Kulturdepartementet: Lotterinemnda, Frivillighetsregisternemnda, Stiftelsesklagenemnda og Medieklagenemnda. Bakgrunnen for opprettinga av eit felles sekretariat, er eit ønske om ein kostnadseffektiv drift av sekretariatsfunksjonen for dei ulike nemndene.

Alle nemndene er forvaltningsorgan med formelt sjølvstende til å treffe avgjersler i enkeltsaker utelukkande på fagleg og rettsleg grunnlag. Formålet med å ha uavhengige nemnder er å sikre at ein klage på ei avgjersle frå eit forvaltningsorgan blir handtert på ein måte som sikrar rettstryggleik for klagaren. KOFA skil seg frå dei andre nemndene ved at det er eit tvisteløysingorgan som kjem med ei avgjersle på ein konflikt mellom klagaren og den innklaga, og ved at det ikkje ligg føre noko tidlegare vedtak som nemnda skal overprøve. Totalt sett er Klagenemndssekretariatet fornøgd med måla som er oppnådd i 2017.

2017 har vore eit krevjande år for alle tilsette. Organet overtok ansvaret for sakshandsaminga for alle nemndene frå tidspunktet då organet blei oppretta. Nye rettsfelt som mange av sakshandsamarane ikkje hadde kjennskap til frå før, og ein kompleks struktur med seks ulike nemnder leia av fem ulike nemndsleiarar er nokre av dei utfordringane dei tilsette har måtta handtere. I tillegg mangla viktig infrastruktur, som er ein viktig føresetnad for effektiv sakshandsaming i eit organ som Klagenemndssekretariatet.

Likevel viser denne årsrapporten at Klagenemndssekretariatet har levert i tråd med krav og forventningar i 2017. Ein ny strategi og visjon for organet er under utvikling og vil vere ferdig i 2018. Klagenemndssekretariatet er framleis i ein etableringsfase, men har i laupet av 2017 fått på plass ei organisering og infrastruktur som krevst for å kunne drifte eit effektivt sekretariat med seks nemnder, og det er også tilrettelagd for at Klagenemndssekretariatet skal kunne omfatte endå fleire nemnder i åra som kjem.

Klagenemndssekretariatet kan vise til fleire gode resultat i året som gjekk. Kvalitet i sakshandsaminga og på avgjerslene nemnda utarbeider, er ein føresetnad for at klageordninga skal fungere godt. I tillegg må sakshandsamingstida vere så kort at klageordninga fungerer etter formålet.

Ulike sakshandsamarar har fått ansvar for eigne nemnder, i tillegg til at det har vore overlapping mellom nemndene ved større sakstilfang. Vi har hatt fleire nye fagfelt som vi gjennom året har bygga opp ein betydelig fagkompetanse på til å kunne drifte dei ulike nemndene, og produksjonen har vore høg gjennom heile året. Det har vore eit viktig mål å vareta kvalitet og effektivitet for KOFA, samtidig som hovudfokus har vore å få etablert dei nye nemndene og sørge for kontinuitet i sakshandsaminga. I tillegg til å vareta arbeidet i dei nye nemndene har saksbehandlarane våre også klart å handsame fleire KOFA-saker i 2017 enn i tidlegare år. Sakshandsamingstida har auka i KOFA trass denne utviklinga, men dette er eit resultat av auka tal på nye innkomne saker i 2017 samt restansar av saker frå 2016.


Eg er særst positivt overraska over kor raskt sakshandsamarane har klart å sette seg inn i nye juridiske fagfelt, samt få på plass ein felles struktur som ein har arbeida etter. Medarbeidarane våre har høg og relevant kompetanse innan dei felte vi jobbar med. Det er ei særst god plattform å bygge vidare på.

Vi trur at det er mogleg å utnytte fagkompetansen endå betre ved å sjå meir på dei ulike fagområda i samanheng. Klagenemndssekretariatet skal bli endå meir effektivt og ha fokus på auka fagleg kvalitet i alle saker det får inn. Å digitalisere er ein nøkkel til god omstilling. Men å digitalisere handlar ikkje først og fremst om IKT; det handlar om å finne smartare arbeidsmetodar og få på plass ein felles sakshandsamingspraksis som reduserer sakshandsamingstida og sikrar god kvalitet på sakshandsaminga basert på dei fortrinna som teknologien gjev oss.

Det er i 2017 sett i gang eit arbeid for å identifisere endringar både i administrasjonen og sakshandsaminga for å bli endå meir effektiv. Det må ytterlegare omstilling til for å oppnå resultat i form av redusert sakshandsamingstid og ei kostnadseffektiv drift av organet.

Eg vil rette ein stor takk til tilsette og medlemmar i dei ulike nemndene vi betener som har stått på i etableringa av organet i 2017. Det kommande året blir eit utfordrande og spennande år som vil krevje tøffe prioriteringar og innsats frå alle involverte. Men saman skal vi klare å få til ei omstilling som vil gje auka effektivitet og kvalitet i arbeidet vårt.

Bergen 28.02.2018



Anneli Vingsgård
Direktør

II. Introduksjon til verksemd og hovudtal

2.1 Etableringa av klagenemndssekretariatet

Klagenemndssekretariatet blei oppretta som eit felles sekretariat for Konkurransklagenemnda og Klagenemnda for offentlige anskaffingar (KOFA) under Nærings- og fiskeridepartementet og fire nemnder under Kulturdepartementet: Medieklagenemnda, Stiftelsesklagenemnda, Lotterinemnda og Frivilligregisternemnda. Klagenemndssekretariatet blei oppretta 1. april 2017 og er underlagt etatsstyringa til Nærings- og fiskeridepartementet.

Det var ingen tilsette som blei overført til eit nytt organ då Klagenemndssekretariatet overtok ansvaret for sekretariatsfunksjonen. Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde forut for 1.4.2017 ansvar for sekretariatsfunksjonen til Lotterinemnda og Frivilligregisternemnda. Nærings- og fiskeridepartementet hadde ansvar for sekretariatsfunksjonen til Stiftelsesklagenemnda. Ein privatpraktiserande advokat hadde ansvar for sekretariatsfunksjonen til Medieklagenemnda. 10 tilsette frå KOFA blei ved etableringa overført frå Konkurransetilsynet til Klagenemndssekretariatet.

Hovudfunksjonen til Klagenemndssekretariatet er å handtere sakshandsaminga i klageprosessen, dvs. prosessen frå klagen kjem inn, til ei avgjersle blir sendt ut til klagaren. Dette inneber blant anna å utgreie aktuelle juridiske problemstillingar og føre korrespondansen med og mellom partane, og skrive utkast til ei avgjersle. Saka blir bringa opp for den aktuelle nemnda og avgjersla sendt ut til klagar/partane når saka er ferdig handsama.

2.2 Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA)

Klagenemnda for offentlige anskaffingar (KOFA) er eit uavhengig klageorgan oppretta av Nærings- og fiskeridepartementet. KOFA gjev rådgivande fråsegner i saker som gjeld brot på anskaffingsregelverket. I tilfelle der det er gjennomført ei ulovleg direkte anskaffing, har KOFA også myndigheit til å påleggje brotsgebyr. KOFA består i dag av ti medlemmar og blir leia av tidligare høgsterettsdommar Georg Fredrik Rieber-Mohn.

2.3 Konkurransklagenemnda (KKN)

Konkurransklagenemnda blei oppretta av Nærings- og fiskeridepartementet 1. april 2017, og er ein uavhengig klageinstans for alle vedtak fatta av Konkurransetilsynet, bortsett frå vedtak etter pristiltakslova. Vedtak om føretakssamanslutningar, gebyrvedtak som følge av ulovleg samarbeid og misbruk av dominans samt andre vedtak skal klagast inn til Konkurransklagenemnda. Konkurransklagenemnda består av åtte medlemmar og blir leia av advokat Karin Fløistad.

2.4 Medieklagenemnda

Medieklagenemnda er ein uavhengig klagenemnd oppretta av Kulturdepartementet. Medieklagenemnda handsamar klager på vedtak fatta av Medietilsynet i medhald av kringkastingslova § 2-14, bildeprogramlova, lov om openheit om eigarskap i medium og forskrift om tilskot til lokale lyd- og bildemedium. Medieklagenemnda består av fem faste medlemmer og tre varamedlemmar. Nemnda blir leia av Sigve Gramstad.

2.5 Stiftelsesklagenemnda

Stiftelsesklagenemnda er ei uavhengig klagenemnd oppretta av Kulturdepartementet. Klagenemnda handsamar klager på vedtak fatta av Stiftelsestilsynet etter stiftelseslova, samvirkelova, arvelova og dekningslova. Stiftelsesklagenemnda består av tre faste medlemmar og tre personlege varamedlemmar. Nemnda blir leia av tingrettsdommar Hanne Ombudstvedt.

2.6 Lotterinemnda

Lotterinemnda er ei uavhengig klagenemnd oppretta av Kulturdepartementet. Lotterinemnda handsamar klager på vedtak etter lotterilova fatta av Lotteritilsynet i første instans. I tillegg handsamar klagenemnda vedtak som Lotteri- og stiftelsestilsynet har fatta etter forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar. Lotterinemnda har tre faste medlemmar og tre personlege varamedlemmar. Nemnda blir leia av tingrettsdommar Elisabeth Wittemann.

2.7 Frivilligregisternemnda

Frivilligregisternemnda er ei sjølvstendig klagenemnd oppretta av Kulturdepartementet. Nemnda handsamar saker knytt til registrering i frivilligregisteret. Frivilligregisternemnda har fem medlemmar med personlege varamedlemmar. Nemnda blir leia av Elisabeth Wittemann.

Nemndene som er underlagte Kulturdepartementet, handterer reglane knytt til lotterilovgivinga, frivilligregisterlovgivinga, medielovgivinga og stiftelseslovgivinga. Alle desse nemndene er mindre nemnder målt i sakstilfang samanlikna med klagenemnda for offentlige anskaffingar.

Konkurransklagenemnda vil ha få saker, men dei sakene som kjem inn, vil vere ressurskrevjande. Nemndene er ikkje slått saman, det er sjølve sekretariatet for dei ulike nemndene som har fått eit samla felles organ.

Klagenemndssekretariatet er eit saksførebuande organ utan økonomisk eller juridisk eigeninteresse i sakene. Grunnverdiane kvalitet, effektivitet og profesjonalitet er ein raud tråd gjennom alt arbeid som blir utført.

Fagområde	Tema for klagesak
Klagenemnd for offentlege anskaffingar	Lov om offentlege anskaffingar med forskrifter
Konkurransklagenemnda	Konkurranselova, forvaltningslova og menneskerettslova
Stiftelsesklagenemnda	Stiftelseslova, forvaltningslova, samvirkelova, dekningslova og arvelova
Lotteriklagenemnda	Lov om lotteri, forvaltningslova.
Frivilligregisternemnda	Lov om register for frivillig verksemd, forvaltningslova
Medieklagenemnda	Forvaltningslova, eforvaltningsforskrifta, kringkastingslova, forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium, bildeprogramlova, forskrift om tilskot til lokale lyd- og bildemedium og forskrift om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk

2.8 Mål for 2017


- etablere eit nytt organ
- etablere eit felles og einsarta organ for 6 ulike nemnder
- etablere ein felles administrasjon, rutinar og system
- vurdere synergieffekten av å slå saman nemndene

Krav til sakshandsaminga

- høg kvalitet på sakshandsaminga
- ei effektiv sakshandsaming
- ei profesjonell sakshandsaming

2.9 Organisasjonsstruktur for Klagenemndssekretariatet


Sekretariatet er organisert med ein direktør, to tilsette i administrasjonen og ti ulike juridiske sakshandsamarar fordelt på dei ulike nemndene. Alle tilsette rapporterer til direktøren.



Tal på tilsette per. 1. april 2017	Tal på tilsette per 31. desember 2017
10	13

Turnover i %	0
Sjukefråvær i %	3,62 %

Alderssamansetning tilsette i klagenemndssekretariatet 2017



Gjennomsnittleg alder blant dei tilsette er 35 år.

2.10 Inkluderande arbeidsliv, verneombod og bedriftshelseteneste

Klagenemndssekretariatet har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv (IA-avtale). Det er også vedtatt ein IA-handlingsplan og for å sikre at organet etablerer eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø for dei tilsette. Tiltak som kan nemnast, er fokus på muskel- og skjelettskadar ved oppfølging av naprapat/fysioterapeut og trening i arbeidstida. Dei tilsette har vore med på å komme med forslag til tiltak gjennom ein prosess som dels har vore gjennomført av NAV i Bergen.

Det er vedtatt at organet som ein del av dei forpliktingane som går fram av IA-avtalen, i ein periode skal ta imot ein praksiskandidat frå NAV. Frå oktober 2017 har klagenemndssekretariatet hatt ein praksiskandidat med avtale til april 2018. Fokus er opplæring samt utvikling av vidare kompetanse.

Det er i 2017 utnemnt eit verneombod for organet samt at det er gjort avtale med bedriftshelsetenester for dei tilsette. Det er utarbeidd ein handlingsplan der ein representant for dei tilsette har vore med for å sikre optimale tiltak for ein betre arbeidskvardag. Spesielt fokuset på arbeidsplassvurdering har gjeve gode resultat. Dette kjem godt fram av organet sin sjukefråværsprosent, som for 2017 er på under 4 %. Korttidsfråværet er lågt. Det har aktivt vore sett inn trivselstiltak for å bygge ein felles organisasjonskultur med fokus på trivsel. Trass ei stor arbeidsmengde og nye utfordrande arbeidsoppgåver for dei tilsette har 2017 vore eit særst stabilt år der ein har klart å behalde tilsette i ein periode med store endringsprosessar.

2.11 Økonomi i Klagenemndssekretariatet

Årsrekneskapen til Klagenemndssekretariatet blir ført i samsvar med statens standard kontoplan. Sjå elles prinsippnote i årsrekneskapen.

Samla tildeling over postane 1-99

Budsjettramme i samsvar med tildelingsbrev	Kr 17 676 000
Overførte midlar frå 2016	Kr 132 000
Lønsoppgjer 2017	Kr 100 000
Samla budsjettramme for 2017	Kr 17 908 000

Nøkkeltal årsrekneskap for Klagenemndssekretariatet

Som tabellen nedanfor viser, utgjør lønsutgiftene størsteparten av budsjettet, med 74,6 %. Lønstala for Klagenemndssekretariatet inkluderer utbetaling av honorar til dei ulike nemndene på kr 2,2 mill. Husleige samt kostnader til knytt til drift og leige av eigedom utgjør 11 % av driftsutgiftene i 2017. Kjøp av framandtenester som kjøp av arkiv og it-tenester frå Konkurransetilsynet og implementering av nytt arkivsystem utgjør 14 % av dei totale driftsutgiftene.

Dei samla lønsutgiftene til Klagenemndssekretariatet utgjør kr 10 967 982,-. Kr 871,- utgjør refusjonar sjukepengar , og dette heng saman med at det var lavt sjukefråvær blant dei tilsette i 2017 og ingen tilsette i svangerskapspermisjon. Samla driftsutgifter for 2017 utgjør kr 16 462 735,-.

Kapittel 0912	2017
Tal på årsverk	11,9
Samla tildeling post 01	17 908 000
Driftsutgifter	16 462 735
Utnyttingsgrad	91,9 %
Lønsdel driftsutgifter	74,6 %
Lønsutgifter per årsverk	921 679

III. Aktivitetar og resultat i 2017

3.1 Nøkkeltal

Nemnd	Restansar UB 2017	Nye innkomne saker 2017	Avvikla saker i 2017	Gjennomsnittleg sakshandsamingstid
KOFA	110	192	162	218 dagar(rådgivande saker)
Konkurransesklagemnda	0	0	0	0
Stiftelsesklagenemnda	13	31	24	182
Lotterinemnda	11	57	47	90
Frivilligregisternemnda	0	10	8	80
Medieklagenemnda	5	23	18	122

Det er i 2017 registrert mange saker i dei ulike nemndene. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid og restansar auker i KOFA og Stiftelsesklagenemnda. I Stiftelsesklagenemnda har sakene blitt meir kompliserte og arbeidkrevjande enn tidlegare.

Ressursbruk sakshandsamarar per nemnd i 2017

Nemnder	Konkurransesn	Stiftelsesklagenemnda	Lotterinemnda	Frivilligsregisternemnda	Medieklagenemnda
Tal på timer	639	876	1 535	14	374
Tal på månedsverk	4	5	9	0	2

Det er utført over 2 årsverk for KUD nemndene i 2017.

3.2 Aktivitet i Klagenemnda for offentlege anskaffingar for 2017

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) handsamar klager på offentlege innkjøp. Reglane for KOFA si verksemd er fastsatt i forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffingar, FOR-2002-11-15-1288.


KOFA bestod i 2017 av følgjande medlemmar: lagdommar Arve Rosvold Alver, advokat Gro Amdal, professor Finn Arnesen, advokat Marianne Dragsten, advokat Karin Fløistad, professor Halvard Haukeland Fredriksen, lagdommar Tone Kleven, advokat Kristian Jåtog Trygstad og lagdommar Jakob Wahl.

Sekretariatet til KOFA var tidlegare ein del av Konkurransetilsynet. Dei tidlegare tilsette i KOFA-sekretariatet blei 1. april 2017 overført til Klagenemndssekretariatet, som same dag overtok oppgåva som sekretariat for nemnda.

KOFA si oppgåve er så raskt som mogleg å gje avgjersler av god kvalitet i dei klagesakene som blir fremma for organet. KOFA skal opptre profesjonelt, det vil seie upartisk, og vareta partane sine behov for rettstryggleik og ein føreseieleg saksgang. KOFA skal også oppfattast som ein viktig samfunnsaktør som fremmar anskaffingsregelverket sitt formål om kostnadseffektive offentlege innkjøp gjennom bruk av konkurranse.

KOFA er eit tvisteløysingsorgan som har myndigheit til både å gje rådgivande avgjersler som ikkje er bindande for partane, og avgjersler om brotsgebyr for ulovlege direkte anskaffingar. Ulovlege direkte anskaffingar er ansett som det mest alvorlege brotet på regelverket for offentlege anskaffingar.

Utvikling i sakshandsamingstid KOFA



Ein ser av tabellen over at sakshandsamingstida for uprioriterte rådgivande saker er aukande. 10 sakshandsamarar skal handtere alle dei 6 nemndene i sekretariatet, og det er ikkje tilstrekkelig bemanning for å sikre ein låg sakshandsamingstid for KOFA med den klagetilstrøymningen som KOFA har i dag. Store ressursar er brukt til etableringa av det nye organet, på å vareta dei nye nemndene, auke kompetansen hos dei tilsette innanfor fagområda til dei nye nemndene, og fortsette den saksavviklinga som er nødvendig for at ikkje sakshandsamingstida ved skiftet til eit nytt sekretariat skal auke. Låg sakshandsamingstid på uprioriterte saker forutset at organet har tilstrekkelig med sakshandsamarar i sekretariatet.

Sakshandsamingstida for prioriterte saker held seg låg, slik ho har gjort sidan opprettinga av KOFA. Ein vil av tabellen for restansesaker sjå utviklinga med at restansane er aukande, medan effektiviteten i sekretariatet framleis er god.

Viktige tal for verksemda

KOFA fekk inn totalt 192 saker og avgjorde totalt 162 saker i 2017. Desse fordeler seg slik:


Innkomne klagesaker	192
Prioriterte rådgivande saker 1	44
Uprioriterte rådgivande saker 2	135
Gebyrsaker	13
Avgjorte klagesaker	162
Tal på saker med regelbrot	43
Tal på saker utan regelbrot	55
Tal på saker trekt tilbake av klagar	12
Tal på avviste saker	52
Tal på avviste saker klaga inn for nemndsleiar	11

¹ Prioriterte saker er saker der oppdragsgjevar ventar med å inngå kontrakt til KOFA har avgjort saka.

² Uprioriterte saker er saker der oppdragsgjevar har inngått kontrakt.


Talet på prioriterte saker utgjør framleis ein betydeleg del av klagesakene KOFA avgjer, sjølv om delen prioriterte saker har gått noko ned frå 2016. Det er positivt at KOFA i stor grad er attraktiv som tvisteløysingsorgan for anskaffingar i tilfelle der ein kontrakt endå ikkje er inngått. Ei rask avklaring av konflikten som ligg føre, gjer det mogleg for leverandørane å raskt komme vidare i anskaffingsprosessen dei har vore involvert i, enten dei har fått medhald eller ikkje. For den offentlege oppdragsgjevaren betyr ei rask avklaring at dei kan få gjennomført anskaffingane utan nemneverdig opphald. Begge delar er viktig for å vareta formålet i lova, som er å bidra til ei effektiv ressursutnytting i samfunnet.

Klagenemndssekretariatet har myndigheit til å avvise ugrunna saker eller saker som openbert ikkje kan føre fram. Klagenemndssekretariatet avviste ca. 30 % av alle klagesaker i 2017, og er på same nivå som tidlegare år.



KOFA har mottatt 13 saker om ulovlege direkte innkjøp med moglegheit for å påleggje gebyr. Klagenemnda har til no ikkje gjeve gebyr for ulovlege direkte anskaffingar, basert på dei nye reglane om dette som blei innført 1. januar 2017. Talet på restansar har vore aukande frå 2016.

Saksavvikling KOFA 2007-2017



Andre aktivitetar

KOFA-sekretariatet har sidan 2013 utgjeve eit nyheitsbrev kvart kvartal. Nyheitsbrevet skal gje ein kort oversikt over dei viktigaste sakene som blir avgjort. Sekretariatet får tilbakemeldingar om at dette gjev ein nyttig oversikt for brukarane av KOFA.

KOFA har sidan 2006 arrangert ein fagkonferanse for å synleggjere KOFA og KOFA sine avgjersler. Fagkonferansen i 2017 blei halden på Scandic Flesland Airport hotell, og igjen var oppmøtet rekordstort med meir enn 400 personar til stades. Konferansen er ein av dei største innan offentlege anskaffingar i Noreg. I 2017 hadde vi gleda av å få høyre professor Sue Arrowsmith, som er ein av dei mest påskjøna fagpersonane internasjonalt når det gjeld regelverk om offentlege anskaffingar. Også i år har sekretariatet fått gode tilbakemeldingar frå dei som deltok på konferansen.



3.3 Konkurransklagenemnda

Konkurransklagenemnda er klageinstans for Konkurransetilsynet etter lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom føretak og kontroll med føretakssamanslutningar.

Kongen i statsråd vedtok at endringane i konkurranselova om ny klageordning skulle tre i kraft frå 1. april 2017. Frå denne datoen skulle alle klager på vedtak fatta av Konkurransetilsynet handsamast av konkurranseklagenemnda. Medlemmane i konkurranseklagenemnda blei nemnde opp i statsråd 31. mars 2017. Nemnda hadde sitt første møte 19. april 2017.

Konkurransklagenemnda består av følgjande medlemmar: Karin Fløistad (leiar),

Harald Evensen, Elisabeth Styrvold Wiggen, Elin Moen, Tore Lunde, Ronny Gjendemsjø, Jan Yngve Sand og Linda Orvedal. Nemndsleiar er utnemnd som embetsmann i ei åremålsstilling på seks år. Åremålet kan fornyast med éin periode. Dei andre medlemmane er nemnde opp for fire år, og kan nemnast opp på nytt.

Konkurransklagenemnda sin aktivitetsrapport dekker perioden frå 1. april 2017 til 31. desember 2017. Konkurransklagenemnda registrerte ingen klagesaker til handsaming i 2017. Klagenemnda har i denne perioden gjennomført to møter i Bergen. Aktiviteten til konkurranseklagenemnda har i perioden i hovudsak vore å utarbeide interne og eksterne rutinar/rettleiingar når det gjeld sakshandsamingsreglar og prosessar for nemnda. Nemnda har også arbeidd med å avklare internasjonale rammevilkår for nemnda sine oppgåver, blant anna gjennom å innhente ei fråsegn frå professor Ørnulf Øyen ved UiB om forholdet mellom administrative sanksjonar og EMK.

Nemndsleiar har også halde fleire eksterne presentasjonar om Konkurransklagenemnda, blant anna på Konkurransetilsynet sitt årlege kurs i konkurranserett, og JUS sitt årlige konkurranserettskurs, samt under ein faglunsj ved Senter for Europarett. Nemndsleiar har også hatt ein rekke eksterne møter med nemne parter, irekna fleire sentrale private konkurranserettsadvokatar, representantar frå Regjeringsadvokaten, irekna regjeringsadvokaten sjølv, leiar for seksjon for konkurranserett i ESA, akademikarar, Konkurransetilsynet og NFD.

3.4 Stiftelsesklagenemnda

Stiftelsesklagenemnda er klageinstans for Stiftelsestilsynet etter lov 15. juni 2001 nr. 59 om stiftelsar, lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavarane sin dekningsrett, lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv og lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeføretak, med mindre anna følgjer av særskilt lovheimel.

Stiftelsesklagenemnda blei nemnd opp etter lov 13. mars 2015 som tredde i kraft 1. juli 2015. Medlemmane blei nemnd opp i statsråd 18. september 2015. Nemnda hadde sitt første møte 4. desember 2015.

Stiftelsesklagenemnda bestod i 2017 av følgjande medlemmar: Hanne Ombudstvedt (leiar), Caroline Dale Ditlev-Simonsen og Henning Sollid. Personleg varamedlem for Ombudstvedt er Johan Giertsen, og personleg varamedlem for Sollid er Anne Danielsen Wood. Personleg varamedlem for Ditlev-Simonsen, Morten Øgård, har trekt seg, og nytt varamedlem er Karl Henrik Sivesind. Sivesind blei nemnd opp 23. oktober 2017.

Sekretariat for klagenemnda har vore Nærings- og fiskeridepartementet v/Cecilie Bakke Dueled (1. januar–31. mars 2017). Frå og med 1. april 2017 overtok Klagenemndssekretariatet i Bergen sekretariatsoppgåva.

Stiftelsesklagenemnda sin aktivitetsrapport dekker perioden frå 1. januar 2017 til 31. desember 2017. Klagenemnda har i denne perioden gjennomført fem møter, av desse fire på Gardermoen. Eit av møta blei heldt i Førde og inkluderte stiftelseskonferansen og et dialogmøte med Stiftelsestilsynet.

Status per 31.12.2017	Tal på saker	Heimel	2016
Saker avslutta med vedtak i 2017	23		24
Saker avslutta utan vedtak i 2017 (klage trekt)	1		1
Ikkje avslutta saker	12/13		5
Sum	37		30
Saker avslutta med vedtak fordelt på saksforhold			
Søknad om vedtektsendring	4	Stl. § 46	
Søknad om oppheving av stiftelsen	11	Stl. § 46	
Søknad om oppheving av rådigheitsavgrensing	2	Stl. § 55	
Klage på sakshandsaminga hos Stiftelsestilsynet	1	Fvl. §§ 2, 3 og 28	
Klage avvist pga. manglande rettsleg klageinteresse	2	Fvl. § 28	
Klage avvist pga. unnlating av å overhalde klagefristen	1	Fvl § 29	
Avslag på søknad om nedsetting av grunnkapital	1	Stl § 17	
Styreavsetting	1	Stl. § 29	
Sum	23		

Alle vedtak som Stiftelsesklagenemnda fatta i 2017, var samrøystes. Av dei 23 sakene som er avslutta med vedtak, har klagenemnda stadfesta Stiftelsestilsynet sitt vedtak i 18 saker. I tre av sakene er klaga tatt til følgje, og i to av sakene er klaga delvis tatt til følgje.

To av sakene der klaga er tatt til følgje, har gjeldt ei søknad om endring av vedtektene. Den tredje saken gjaldt ei søknad om oppheving av stiftelsen. I to saker er klaga delvis tatt til følgje. I sistnemnde sak heldt Stiftelsesklagenemnda Stiftelsestilsynet sitt vedtak om å nekte oppheving av stiftelsen ved lag, men tok klagar sin subsidiære påstand om vedtektsendring til følgje.

Av sakene som kom inn i 2017, men som fortsatt ikkje er avgjort, er det tre saker som gjeld styreavsetting. Sakene som omhandla styreavsetting, har vist seg å vere langt meir ressurskrevjande enn ein del av dei sakstypene nemnda tidlegare har handsama. Dette vil kunne spille inn på sakshandsamingstida i nemnda.

Stiftelsesklagenemnda har hatt éi sak oppe hos Sivilombudsmannen i 2017. Saka gjaldt eit krav om dekning av sakskostnader retta mot parten etter forvaltningslova § 36, 2. leddet. Spørsmålet til Sivilombudsmannen var om nemnda sin bruk av e-post til førehandsvarsling etter forvaltningslova § 16 kunne reknast som lovleg førehandsvarsling. Sivilombudsmannen konkluderte med at førehandsvarselet ikkje var lovleg. I etterkant av Sivilombudsmannen sin tilbakemelding har Stiftelsesklagenemnda vedtatt at det aktuelle vedtaket må vurderast å vere ugyldig, og at saka må opp til ny handsaming. Nemnda sine ordinære medlemmar har sjølve erklært seg inhabile, og saka vil derfor bli handsama av nemnda sine varamedlemmar. I 2017 kom det inn 31 saker til Stiftelsesklagenemnda. Dette er ei auke frå året før, då det kom inn 23 saker. Stiftelsesklagenemnda har også registrert ei auke i omfanget av sakene som har kome inn i 2017, både når det gjeld kompleksitet og dokumentmengde. Difor er også sakshandsamingstida økt i 2017.

3.5 Lotterinemnda

Det blei gjennomført seks nemndsmøter for Lotterinemnda i 2017. Lotterinemnda handsama 46 saker, der nemnda i 45 av sakene heldt Lotteritilsynet sitt vedtak ved lag. I sak 2017017 fekk klagar medhald i at søknadsgrunlaget for kompensasjon av meirverdiavgift ikkje skulle nedjusterast for eigendelane til korpsturen det var snakk om.

Sakene som Lotterinemnda har handsama, har vore av varierende omfang, og som i 2016 omhandla også de fleste klagene i 2017 avslag på søknader om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Lotterinemnda er ei uavhengig klagenemnd. Alle vedtak etter lotterilova som blir fatta av Lotteritilsynet i første instans, kan klagast inn for Lotterinemnda – jf. lotterilova § 4. Det same gjeld vedtak som Lotteri- og stiftelsestilsynet fattar etter forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Lotterinemnda har tre faste medlemmar med personlege varamedlemmar. For perioden frå 1. januar 2017 til 31. desember 2020 er nemnda samansett slik:

Leiar: Elisabeth Wittemann, personleg vara Audgunn Syse; medlem: Åse Gustavsen, personleg vara Bård Eikeset; medlem: Ingjald Sørhøy, personleg vara Erling Sivertsen.

Her følgjer rapport over sakene som Lotterinemnda handsama i perioden frå 1. januar 2017 til 31. desember 2017:


Status per 31.12.2017	Tal på saker	Heimel
Saker avslutta med vedtak i 2017	46	
Ikkje avslutta saker	11	
Sum	57	
Saker avslutta med vedtak fordelt på saksforhold		
Klage på avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	15	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 4 og § 7
Klage på avslag på søknad om bingospill	2	Forskrift om bingo § 2
Klage på avslag på søknad om bingoløyve	1	Lotterilova § 4, jf. §§ 5 og 6
Klage på avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	11	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 5 (4) bokstav b. Og § 8 (2), § 5
Klage på avslag på søknad om tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping	3	Forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar § 6a
Klage i samband med søknad om deltaking i trekning av lotteriløyve	5	Lotteriforskrifta §§ 7 og 9, lotterilova § 4
Smålotteri	2	forskrift om lotteritilsynet og lotteriregisteret § 5-1 og lotterilova § 7 b
Avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 7 (5)
Avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon § 5 (2), bokstav b
Klage på vedtak med pålegg om å avvise betalingstransaksjonar	1	Lotterilova § 7, betalingsformidlingsforskrifta § 4, jf. § 11
Klage på avslag på søknad om lotteriløyve	2	Lotterilova § 4, jf. § 6
Klage på avslag på søknad som lotteriverdig organisasjon	1	Lotterilova § 6
Klage på vedtak om meirverdiavgiftskompensasjon – redusert søknadsbeløp	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 7 (6)
Sum	46	

Av større saker har Lotterinemnda handsama klagesakene som inngjekk i sakskomplekset om tildeling av lotteriløyve til lotteri med ei omsetning på inntil 300 mill. kroner. Dette var omfattande saker som kravde mykje tid og store ressursar frå både nemnda og sekretariatet. Bakgrunnen for klagesakene var at Lotteritilsynet våren 2015 lyste ut fem lotteriløyve etter lotteriforskrifta § 7 med søknadsfrist 1. september 2015. Dette gjaldt store lotteri med ei årleg omsetning på inntil 300 mill. kroner og med inntil 9 års varigheit. Av forskrifta går det fram at ved meir enn fem søkarar som tilfredsstillar krava, skal løyvene tildelast ved loddtrekning.

Totalt kom det inn åtte søknader om å få starte nye landsomfattande lotteri. To av desse (Noregs Røde Kors og Unicef-komiteen i Noreg) blei godkjent ved første gongs handsaming. Tre søknader (Stiftelsen WWF Verdens Naturfond / SOS-barnebyer Norge Stiftelsen, Plan Norge / Care Norge og Strømmestiftelsen) blei godkjent etter klagehandsaming i Lotteritilsynet. Dei tre siste blei sendt over til Lotterinemnda (første klagerunde), som avslo søknaden til Flyktningshjelpa / Norsk Folkehjelp / Atlasalliansen, og returnerte søknadene til dei to andre (Regnskogfondet / Caritas Norge / Utviklingsfondet og Right to Play) for ny handsaming i Lotteritilsynet.

Klagene som Lotterinemnda skulle handsame i denne omgang, gjaldt klager på tildeling av løyve.

Det var eit omfattande sakskompleks etter som det tidlegare i prosessen var fatta mange vedtak og det blei fleire klagerundar i Lotterinemnda. Dei vedtaka som nemnda har fatta i år, er vedtaka 2017037, 2017038, 2017039, 2017040 og 2017041.



Den siste saka for året blei handsama av Lotterinemnda på møtet 29. november 2017. Lotterinemnda handsama her klaga til Entercash Ltd. og European Gaming & Betting Association (EGBA) på vedtaket som Lotteritilsynet sendte til norske bankar om stans av transaksjonar for sju kontonummer. Bakgrunnen for saka var at Lotteritilsynet i mars 2017 sendte eit vedtak til norske bankar og finansinstitusjonar med pålegg om å avvise betalingstransaksjonar med innskott og gevinst til og frå utanlandske pengespel på nett. Betalingsformidlingsselskapet Entercash Ltd. og foreininga European Gaming & Betting Association klaga på vedtaket 24. april 2017. I klaga hevda dei at Lotteritilsynet sitt vedtak var ugyldig ved at det mangla tilstrekkeleg heimel. Dei hevda også at vedtaket var i strid med

art. 36 i EØS-avtala og betalingstenestedirektivet 2007/64/EF. Lotterinemnda konkluderte i vedtak 2017046 med at Lotteritilsynet hadde tilstrekkeleg heimel til å treffe vedtaket, og at det ikkje var i strid med Noregs sine EØS-rettslege forplikningar.

I tillegg til Lotterinemnda handsama både Kulturdepartementet og Landbruks- og matdepartementet den same klaga. Begge departementa kom til at klaga ikkje kunne takast til følgje.

Andre saker som Lotterinemnda handsama i 2017, har gjeldt klager på avslag på søknader om bingoløyve og avslag på søknader om å gjennomføre smålotteri og lotteri. I tillegg gjaldt nokre av sakene avslag på søknader om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speleoverskotet til Norsk Tipping.

3.6 Frivilligregisternemnda

Kulturdepartementet oppretta i 2009 ei klagenemnd for saker knytt til registrering i frivilligregisteret. Klagemoglegheitene er heimla i frivillighetsregisterlova av 29. juni 2007 og i forskrift til lov om register for frivillig verksemd §§ 6 og 7 (nr. 1214 av 15. oktober 2008).

Frivilligregisternemnda er ei sjølvstendig klagenemnd, men samordna med lotterinemnda ved at medlemmar og personlege varamedlemmar i Lotterinemnda blir nemnde opp til tilsvarande verv i Frivilligregisternemnda. I tillegg til dette blir det nemnd opp ein representant frå Frivillighet Norge og ein representant med inngåande kunnskap om frivillig sektor, begge med ein personleg vara. For perioden frå 1. januar 2017 til 31. desember 2020 har Frivilligregisternemnda denne samansetninga:

Leiar: Elisabeth Wittemann, personleg vara Audgunn Syse; medlem: Åse Gustavsen, personleg vara Bård Eikeset; medlem: Ingjald Sørhøy, personleg vara Erling Sivertsen; medlem: Stian Slotterøy Johnsen, personleg vara Ida Marie Holmin, medlem: Bernard Enjolras, personleg vara Ivar Eimhjellen.

Her følgjer årsrapport for sakene som Frivilligregisternemnda har handsama i 2017:


Status per 31.12.2017	Tal på saker	Heimel
Saker avslutta med vedtak i 2017	8	
Saker avslutta utan vedtak i 2017 (klage trekt)	0	
Ikkje avslutta saker	2	
Sum	10	
Saker avslutta med vedtak fordelt på saksforhold		

Klager på vedtak om avslag på søknad om deltaking i grasrottdel	7	Forskrift om grasrottdel § 1, jf. § 5, pengespellova § 10
Klage på vedtak om nekta registrering i frivilligregisteret med deltaking i grasrottdelen	1	Forskrift om grasrottdel § 3, jf. pengespellova § 10
Sum	8	

Frivilligregisternemnda har hatt to nemndsmøter i 2017 i tillegg til at éi sak er handsama elektronisk. Nemnda har handsama totalt ti saker i 2017. Frivilligregisteret sitt vedtak er heldt ved lag i alle sakene.

Sakene som har vore handsama i år, har i all hovudsak vore klager på vedtak om nekta deltaking i grasrottdelen. I flere av sakene har problemstillinga vore om organisasjonen driv på lokalt eller regionalt nivå. Nemnda har i desse sakene halde nektingsvedtaket ved lag fordi ein har komme til at klagar si verksemd ikkje blir driven på lokalt eller regionalt nivå.


I tillegg har det vore to saker om nekta registrering i frivilligregisteret.



3.7 Medieklagenemnda

Nemnda avgjorde 18 saker i 2017. Dei førre tre åra har nemnda i snitt avgjort fem saker i året. Den store auka skyldast primært at Medieklagenemnda frå 1. januar 2017 fikk ansvar for å handsame klager om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk, jf. [forskrifta § 8](#). Halvparten av sakene som blei avgjort i 2017, gjaldt klager etter dette regelverket. Tilbakemeldingar frå Norsk filminstitutt og nemndsmedlem Leif Holst Jensen indikerer at det vil komme endå fleire klager etter dette regelverket i 2018.

Utvikling avslutta saker i Medieklagenemnda



I éi av de nemnde sakene (2017/3) valde nemnda å oppheve underinstansen sitt vedtak. I dei andre sakene blei klaga forkasta.

Elles avgjorde nemnda sju saker om tilskot til lokale lyd- og bildemedium, og éi sak om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium. I alle desse blei klaga forkasta.

Nemnda avgjorde også ei sak (2017/2) etter bildeprogramlova. Saka gjaldt ei klage på Medietilsynet sitt vedtak om 9 års aldersgrense for filmen *Løvetannbarn*. Nemnda tok denne klaga til følgje og sette aldersgrensa ned til 6 år.

Status per 31.12.2017	Tal på saker	Heimel	2016
Saker avslutta med vedtak i 2017	18		7
Saker avslutta utan vedtak i 2017 (klage trekt)	0		N/A
Ikkje avslutta saker	5		N/A
Sum	23		7
Saker avslutta med vedtak fordelt på saksforhold			
Søknad om tilskot til audiovisuell produksjon og formidling	9	Forskrift om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk (FOR-2016-10-07-1196)	0
Søknad om tilskot til lokale lyd- og bildemedium	7	Forskrift om tilskot til lokale lyd- og bildemedium (FOR-2016-02-19-166)	4
Klage på vedtak om aldersgrense på film	1	Lov om vern av mindreårige mot skadelege bildeprogram mv. (bildeprogramlova) (LOV-2015-02-06-7)	1
Søknad om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium	1	Forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium (FOR-2014-03-25-332)	1
Tildeling av anleggskonsesjon for DAB-radio	0	Lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstenester (kringkastingslova) (LOV-1992-12-04-127)	1
Sum	18		7

IV. Styring og kontroll i verksemda

4.1 Forventningar til saksutviklinga

Hovudmålet i første driftsår er å sikre ei målretta og effektiv drift. For å sikre oppfylling av disse måla er det innført ei funksjonell organisering der ressursar blir fordelt mellom nemndene etter saksomfang og -kompleksitet. Det er eit mål å sikre høg kvalitet på sekretariatsarbeidet som blir utført for dei ulike nemndene. For KOFA har det vore viktig å føre vidare det kvalitetsnivået som sekretariatet har hatt på avgjerslene sine dei siste åra, trass nye arbeidsoppgåver, samt å halde sakshandsamingstida kort og talet på restansar lågt. For dei nye nemndene har det vore viktig å etablere gode rutinar og sikre ei forsvarleg saksbehandling samt å føre vidare den høge kvaliteten på sekretariatsarbeidet som har vore utført.

Klagenemndssekretariatet (KNS) blei etablert 1. april 2017. Frå same tidspunkt blei sekretariatet for Klagenemnda for offentlige anskaffingar (KOFA) administrativt skilt frå Konkurransetilsynet, og er no ein del av Klagenemndssekretariatet. Organisasjonen er i drift i alle nemnder. Organiseringa i nemndene er gjort teambasert. To tilsette betener kvar nemnd, for å sikre nok ressursar i oppstartsfasen samt fleksibilitet til å vareta også klagesaker som gjeld offentlege anskaffingar. Klagenemndssekretariatet er også i ferd med å bygge opp ein administrasjon med støtteprosessar for nemndsmedlemmar og tilsette. Det er sidan juni 2017 tilsett tre nye personar som begynte i perioden juni–august (to juristar og ein økonomi- og HR-rådgivar), samt at tidlegare tilsette i KOFA blei overført til Klagenemndssekretariatet då dette starta opp. For å sikre at Klagenemndssekretariatet kunne tilby Konkurranseskilgenemnda god bistand i byrjinga, blei det viktig at ein av juristane som blei tilsett, hadde erfaring innan konkurranserett.

Arbeidet for dei nye nemndene starta opp allereie i mars 2017. Dei tilsette fekk opplæring/erfaringsoverføring frå dei som hadde betent dei ulike nemndene tidlegare. Frå 1. april 2017 starta Klagenemndssekretariatet med rapportert arbeidstidsbruk for alle nemndene. Tala så langt dokumenterer at det til alle nemndene styrt av KUD har komme inn fleire og meir komplekse klagesaker enn forventa innleiingsvis. Etter oppstarten har det vore rekruttert nye juristar, slik at det har vore krevjande månader i oppstarten for dei tilsette frå KOFA, som både har fått nye nemnder å betene samtidig som sakshandsamarane tek seg av KOFA-saker utan ei tilsvarande ressursauke. Derfor er også talet på saker som ikkje er ferdig handsama i Klagenemnda for offentlige anskaffingar, auka til 110 saker på slutten av året.

Klagenemndssekretariatet har no utarbeidd ein infrastruktur som gjer at ein på kort varsel kan få tilført ansvaret for ytterlegare klagenemnder.

4.2 Kompetanseoverføring

Eit av hovudprosjekta i 2017 har vore å lykkast med å få overført kompetanse frå tidlegare tilsette i dei ulike nemndene til tilsette i Klagenemndssekretariatet. Deling av informasjon blei viktig for å få overført kompetansen parallelt som ein skulle bli kjent med kvarandre og få på plass ein felles arbeidsmetodikk og samhandling. Dette arbeidet vil fortsette i 2018. Å få på plass eit erfaringsarkiv står sentralt, slik at sekretariatet blir mindre sårbart dersom ressurspersonar for dei ulike nemndene sluttar eller tek permisjon. Det er særskilt krevjande for nemndsmedlemmane når ressurspersonar i sekretariatet forsvinn, og eit erfaringsarkiv vil kunne minske denne sårbarheita.

4.3 IKT

I laupet av 2017 er det utvikla følgjande tenester:

- nytt personale/HMS/forbetringssystem med innebygd varslingsrutine
- laupande styringsrapportering samt rullande prognoserutinar
- ny kofa.no-nettside
- nettside for heile organet, klagenemndssekretariatet.no
- nytt felles elektronisk e-arkiv for alle nemnder samt elektronisk arkivmateriale for alle saker i 2017 også med historiske saksarkiv for oppstart av KOFA
- ny e-postløyising
- ny it-infrastruktur med databaser, e-postserverar, arkiv og nettside
- it-utstyr til alle tilsette

4.4 Infrastruktur

I laupet av 2017 er det utvikla følgjande tenester:

- nytt sentralbord og telefonløyising
- nye kontor for alle tilsette
- ny kantineordning for alle tilsette
- ny bedriftshelseteneste
- ny avfallsordning – alt avfall blir sortert, og ingen tilsette har eiga bosskorg for å gje auka fokus på miljø
- bruk av multimaskiner, slik at ein arbeider elektronisk med eit minimum av utskrivning av dokument

4.5 Effektiviseringstiltak

1. auka digitalisering – arkivet er heilelektronisk
2. ny nettside og felles intranett
3. utvikling av eit elektronisk arkiv for alle nemndene i 2017
4. effektiviserande arbeid med kompetanseoverføring – tilsetting av fleire sakshandsamarar, opplæring av tilsette parallelt i grupper per nemnd for overlapping av funksjonar
5. fokus på saksproduksjon – arbeid med å redusere talet på restansar, fokus på produksjon og kvalitet, balansert ressursbruk mellom nemndene, tett dialog med nemndsleiarar, årlege fellesmøter i kvar av nemndene for erfaringsutveksling og fokus på endring og forbetringar, teamarbeid på tvers av nemndene
6. bruk av telefonmøter ved nemndsmøter utan behov for reisekostnader samt at det er tidssparande for deltakarane
7. effektiv utnytting av gode erfaringar frå ei nemnd i andre nemnder, f.eks. ved elektronisk oversending av saksdokument
8. utvikling av eit samarbeidsrom for arbeid på tvers av nemndene (Konkurranssekragenemnda) og eit sekretariat der ein kan dele arkivmateriale, og laupande arbeid i same dokument i sanntid

4.6 Styring og kontroll

Klagenemndssekretariatet blir revidert av Riksrevisjonen. Dei har gjennomført ein interimrevisjon og har sett på løn, tilsettingskontraktar, driftsrutinar for utbetalingar, kontrollrutinar og dokumentasjon. Oppsummeringsmøter i 2017 har på noverande tidspunkt ikkje avdekket avvik.

4.7 Avvikshandsaming

Løysinga for internkontroll og implementeringa av eit avviks- og forbetringssystem har så langt ikkje avdekket større avvik. Rutinane skal utviklast vidare i 2018, og etter kvart vil tilsette bli meir bevisste på å bruke løysinga.

4.8 Risikovurderingar

Den totale ressurstilgangen er for lav i forhold til talet på innkomne saker som skal løysast i dei respektive nemndene. Den største risikofaktoren for Klagenemndssekretariatet er at sakstilfanget for nemndene er så uføreseieleg. KOFA har fått tilbake myndigheita til å pålegge gebyr for ulovlege direkte anskaffingar, og dette kan auke sakstilfanget betydeleg. Ifølgje erfaringa brukar dei tilsette meir tid på å handsame ei gebyrsak enn ei vanleg sak. Dette er naturleg sidan handsaminga av gebyrsaker følgjer andre reglar enn handsaminga av vanlege klagesaker, og sidan desse sakene endar i eit rettsleg bindande vedtak dersom det blir konstatert at vilkåra for å pålegge gebyr er oppfylt.

Konkurransesklagemennda er ei nyoppretta nemnd som skal handsame klager på alle vedtak fatta av Konkurransetilsynet. Sakstilfanget for denne nemnda er særskilt uføreseieleg fordi sakstilfanget avhenger av fleire forhold:

- i) kor mange vedtak Konkurransetilsynet kjem med i året, og
- ii) kor attraktiv potensielle klagarar meiner at konkurransesklagemennda vil vere for handsaminga av klaga

Det er lite sannsynleg at Konkurransesklagemennda vil få mange klager i året, men det er klart at dei sakene som kjem inn, vil krevje store ressursar frå Klagenemndssekretariatet. Når Klagenemndssekretariatet mottar ei klage som skal handsamast av Konkurransesklagemennda, vil Klagenemndssekretariatet måtte sette av betydeleg med ressursar. Konkurransesklagemennda er den einaste nemnda som Klagenemndssekretariatet betener som har lovfaste fristar for når saka skal vere ferdig handsama. Dette er bestemmende for prioriteringa av ressursar internt i sekretariatet. Allokering av store ressursar til Konkurransesklagemennda vil naturleg nok gå utover arbeidet for dei andre nemndene.

Dei tilsette trivst med å ha fått eit større juridisk saksfelt å ta omsyn til, og har tilpassa seg det nye nemndsarbeidet på ein veldig fin måte. Men det er naturleg at ein i første driftsår vil trenge tid på å bygge opp den kompetansen som er nødvendig for å få ein mest mogleg effektiv drift. Det har derfor vore mykje fokus på å utvikle kvar enkelt medarbeidar samt sikre ein stabil arbeidsstyrke.

Klagenemndssekretariatet sitt omdømme vil kunne bli svekt viss sakshandsamingstida fortset å auke. Media samt dei som klagar inn saker, kan bli oppgitte over at det tek så lang tid frå ei sak er innklaga, til ho er ferdig handsama. Viss sakshandsamingstida blir for lang, vil ikkje nemndene lenger vere eit attraktivt alternativ til domstolane. Dette gjeld særskilt KOFA. Innkjøp som blir gjorde i føretak og offentlege organ, er ferskvare, og det går utover effektiviteten i forvaltninga om klagesaker

får uforholdsmessig lang sakshandsamingstid. Talet på restansar er aukande, og talet på nye saker aukar kvart år meir enn det som er av ressursar. Det blir difor kritisk med ny rekruttering.

Klagenemndssekretariatet samarbeider tett med Konkurransetilsynet når det gjeld ressursar innan it og arkiv. Det er i 2017 utarbeidd ein tenesteleveranseavtale samt gjort ei kostnadsvurdering for å sikre ei god teknisk it-infrastruktur. Ved oppstarten av ein eigen it-driftsstruktur er driftsstabiliten på it-løysingane god.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Klagenemndssekretariatet er oppretta for å tilrettelegge for ei kostnadseffektiv drift av sekretariatsfunksjonen til fleire nemnder. Organet sitt samfunnsoppdrag er å sørge for sakshandsaming med høgst mogleg kvalitet i sakshandsaminga innanfor ei kort sakshandsamingstid. Kvalitet i sakshandsamingsprosessane i Klagenemndssekretariatet skapar tillit hos dei som klagar og gjer dei ulike nemndene høg legitimitet og tiltru utover. Når det går kort tid frå klaga kjem inn, til ho er avgjort, blir klageorganet attraktivt og eit godt og rimeleg alternativ til domstolane.

Ifølgje ein rapport utarbeidd av Difi, 2014:2, «Viltvoksende nemnder? Om organisering og regulering av statlige klagenemnder», er det på tidspunktet for rapporten registrert 52 store og små nemnder fordelt på 14 (dåverande) departement i Noreg.

Det går også fram av rapporten at omsynet til rettstryggleik for den enkelte har stått sentralt ved opprettinga av uavhengige klageorgan. I tillegg kjem ønsket om tilgang til spesialisert kompetanse som forvaltninga elles ikke har tilgang til, og omsynet til å avlaste departementa og underliggende forvaltningsorgan når handsaminga av enkeltsaker er arbeidskrevjande. Også i denne rapporten blir det framheva at nemndene kan vere gode alternativ til handsaming i domstolane. Behovet for sjølvstende frå politisk styring går også igjen for mange nemnder.

Det er altså gode grunnar til å fortsette trenden med å opprette uavhengige klageorgan. På EU-nivå går utviklinga også i retning av å legge til rette for sjølvstende frå politisk styring, så dette er på ingen måte ei utvikling som utelukkande skjer i Noreg.

Klagenemndssekretariatet har ansvar for sakshandsaminga for mange ulike klagenemnder. Klagenemnda som sist blei oppretta, er Konkurransklagenemnda, som skal erstatte handsaming i tingretten ved klage på eit vedtak fatta av Konkurransetilsynet for dei sakene som endar i gebyrileggelse. Bakgrunnen for å opprette ei slik nemnd var nettopp å sørge for sjølvstende frå politisk styring. Medan Nærings- og fiskeridepartementet tidlegare var klageorgan for fusjonsvedtak fatta av Konkurransetilsynet, er det no Konkurransklagenemnda som skal handtere slike klager.

Gjennom å flytte Lotterinemnda og Frivilligregisternemnda sine sekretariat frå Lotteri- og Stiftelsesklagenemnda til Klagenemndssekretariatet, sikrar ein i større grad enn før sjølvstende mellom det statlege forvaltningsorganet som treffer vedtaket, og det organet som skal overprøve det.

I Difi sin rapport 2017:13, «Fortsatt uavhengig? En kartlegging av uavhengige myndighetsorganer», blir opprettinga av Klagenemndssekretariatet nemnt som ei betre organisering av klagesakshandsaminga både med omsyn til kostnadseffektivitet og formålseffektivitet.

Gjennom å samle sekretariatsfunksjonen for mange nemnder på éin stad, vil det ikkje berre på sikt gje ei meir kostnadseffektiv drift, men også føre til ei auka grad av profesjonalisering av sekretariatsfunksjonen, noko som vil sikre høg kvalitet på det arbeidet som sekretariatet er sett til å

gjere. Dette igjen vil gje ei stor grad av rettstryggleik. Som det går fram ovanfor, er sekretariatet gjeve ansvarsfulle oppgåver av vesentleg betydning for at overprøvinga av vedtaka skal bli så god som mogleg, og for at klagesakshandsaminga skal bli utført på ein måte som er i samsvar med krava til forsvarleg sakshandsaming i forvaltninga.

Klagenemndssekretariatet har berre vore i drift sidan 1. april 2017, så det er framleis for tidleg til at ein kan dokumentere kostnadseffektivitet. Organet er framleis under etablering. Men allereie no ser vi at det er stor likskap mellom det arbeidet sekretariatet utfører for dei ulike nemndene, sjølv om nemndene er forskjellige både når det gjeld myndigheit, tal på saker, fagfelt og saksomfang. Dette gjev grunnlag for å tenke at det på sikt vil gje ein stor synergieffekt å samle sekretariatsfunksjonen til endå fleire nemnder enn dei sekretariatet betener i dag. Jo fleire nemnder Klagenemndssekretariatet får å betene, jo større blir potensialet for kostnadseffektivitet. Evna Klagenemndssekretariatet har til å oppnå ei størst mogleg kostnadseffektiv drift, er derfor avhengig av at organet får tilført sekretariatsfunksjonen til fleire nemnder etter kvart.

VI. Årsrekneskap

6.1 Leiarens kommentar årsrekneskap for 2017

Formål

Klagenemndssekretariatet blei oppretta 1. april 2017 og er underlagt Fiskeri- og næringsdepartementet(NFD). Organet er eit statleg organ som fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Klagenemndssekretariatet varetek behovet for ei samordna og heilskapleg handtering av ulike typar klagesaker med ein felles struktur og administrasjon.

Bekrefting

Årsrekneskapen for 2017 er gjeven i samsvar til føresegner om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen vurderast å gje eit dekkande bilde av Klagenemndssekretariatet sine disponible bevillingar og bokførte utgifter og inntekter.

Det er ingen vesentlege forhold eller endringar i drifta som har påverka årsrekneskapen og resultatet for 2017.

Tildeling

Dei samla disponible tildelingane til Klagenemndssekretariatet i 2017 var på 17 908 000 kroner på utgiftssida, jf. oppstillinga frå bevillingsrapporteringa. Dette inkluderer bevillingar på kapittel 0912 for 2017 og overførte ubrukne midlar frå 2016, jf. bevillingsrapporten og note A.

Mindre utgifter

Bevillingsrapporten viser vidare at Klagenemndssekretariatet har ei samla mindre utgift på kapittel 0912, post 01, på 3 505 784 kroner etter å ha tatt omsyn til meirinntektene. I hovudsak forklarast mindreutgifta med faseforskyvingar i aktivitetar som vil bli ført vidare i 2018. Midlane er søkt overført til 2018.

Ordinære driftsutgifter, post 01, viser ei mindreutgift på 3 244 784 kroner.

Bevillinga på kap. 0912 dekker driftsutgifter for Klagenemndssekretariatet og honorar og andre utgifter til leiarar og medlemmar av Konkurranseskagenemnda og Klagenemnda for offentlege anskaffingar. Bevillinga omfattar berre Nærings- og fiskeridepartementet sin del av finansieringa av Klagenemndssekretariatet. Kulturdepartementet sin del av finansieringa og honorar og andre utgifter for Medieklagenemnda, Stiftelsesklagenemnda, Lotterinemnda og Frivilligregisternemnda er endå ikkje overført frå Kulturdepartementet sitt budsjett. Midlane er gjort tilgjengelege med belastningsfullmakter for 2017.

Løn og sosiale utgifter

Klagenemndssekretariatet har utbetalt 10 967 982 kroner til løn og sosiale ytingar, jf. note 2. Lønsutgiftene etter at sjukepengar og refusjon er trekt frå, utgjer 36 % av dei totale driftsutgiftene i 2017.

Mellomvære

Mellomværet med statskassa utgjorde ved slutten av året 478 944 kroner. Nærmare detaljar kjem fram av artskontorrapporteringa med noter.

Revisjon

Klagenemndssekretariatet er eit felles statleg sekretariat underlagt Nærings- og fiskeridepartement. Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsrekneskapen for Klagenemndssekretariatet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsrapporten er forventa å vere ferdig i laupet av 2. kvartal 2018. Revisjonsberetningen og all underliggende knyta til den finansielle revisjon er offentleg når revisjonsberetninga er mottatt. Verksemnda vil publisera den endelege rekneskapen innan 1. mai 2018.

28.2.2018

Annelene Vingsgård

6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen til Klagenemndssekretariatet er utarbeidd og gjeven etter nærmare retningslinjer fastsett i føresegnene om økonomistyring i staten (« føresegnene »). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med bruttobeløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevillings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevillingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Klagenemndssekretariatet er knytt til staten sin konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar tilførast ikkje likviditet gjennom året, men har trekkrettigheit på konsernkontoen. Ved slutten av året blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgangen til nytt år.

Bevillingsrapportering

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevillingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Bevillingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i bevillingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen for samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eignelutar og forpliktingar verksemda står oppført med i staten sin kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste ein annan verksemd sitt kapittel/post (belastningsfullmakter) visast ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til bevillingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen og visast i kolonnen for rekneskapen.

Gjevne belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samla tildeling, men bokførast og rapporterast ikkje til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Gjevne belastningsfullmakter bokførast og rapporterast av verksemda som har mottatt belastningsfullmakten, og visast derfor ikkje i kolonnen for rekneskapen. Dei gjevne fullmaktene kjem i note B til bevillingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eignelutar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har trekkrettigheit på konsernkontoen i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført og derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av bevillingsrapportering 31.12.2017

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2017	Meirutgift (-) og mindreutgift
0912	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	17 908 000	14 663 216	3 244 784
0334	Film- og medieformål	01		B		200 392	
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01		B		1 600 000	
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter	A,B		459 213	
<i>Sum utgiftsført</i>					17 908 000	16 922 822	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling*	Rekneskap 2017	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3912	Klagegebyr	01	Driftsinntekter		1 097 000	1 358 000	261 000
	Refusjonar og andre inntekter,						
3912	KOFA	02	Ymse		199 000	409 070	210 070
3912	Brotsgebyr	86	Ymse		100 000		- 100 000
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	14 375	
5700	Arbeidsgjevaravgift	72	Arbeidsgjevaravgift		0	1 348 424	
<i>Sum inntektsført</i>					1 396 000	3 129 869	

Netto rapportert til bevillingsrekneskapen

Kapitalkontoar

60094601	Noregs Bank KK / innbetalingar					1 472 937	
60094602	Noregs Bank KK / utbetalingar					-14 786 945	
709445	Endring i mellomvære med statskassa					-478 944	
<i>Sum rapportert</i>						0	

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

		31.12.2017	31.12.2016	Endring
0	Mellomvære med statskassa	-478 944	0	-478 944

Note A Forklaring til samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar for året	Samla tildeling
091201	132 000	17 776 000	17 908 000

Klagenemndssekretariatet har i 2017 disponert ei samla tildeling på kr. 17,9 mill. kroner.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg beløp som kan overførast til neste år

Kapittel og post		Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsv. med gjevne belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsv. Med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå bevillinga for neste år
091201	Bevilling 2017	3 244 784		3 244 784	261 000	

Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. beløp som kan overførast*	Mogleg beløp som kan overførast, berekna av verksemda
	3 505 784	888 800	888 800

Mottatte belastningsfullmakter

Kulturdepartementet gav i brev av 05.10.2017 klagenemndssekretariatet ei belastningsfullmakt på kr 200 000 til dekking av kostnader til løn og andre utgifter for medieklagenemnda, stiftelsesklagenemnda, lotterinemnda og frivilligregisternemnda. Kostnadene er belasta direkte på kap. 334 Film og medieformål post 01. Kr 200 000 er belasta fullmakta i 2017.

Kulturdepartementet gav i brev av 05.10.2017 klagenemndssekretariatet ei belastningsfullmakt på kr 1 600 000 til dekking av utgifter knytt til løn og andre utgifter for medieklagenemnda, stiftelsesklagenemnda, lotterinemnda og frivilligregisternemnda. Utgiftene er direkte belasta kap. 339 Lotteri- og stiftelsestilsynet post 01. Kr 1 600 392 er belasta fullmakta i 2017.

Fullmakt til å bruke standard refusjonar av lønsutgifter til å overskride utgifter

Refusjoner av løn på totalt 871 kroner er nettoført i driftsutgiftene.

Fullmakt til å overskride driftsbevillingar mot tilsvarande meirinntekter

Klagenemndssekretariatet er i tildelingsbrev gjeve fullmakt til å overskrida bevillinga under kap. 0912 post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3912, post 01. Meirinntekt/mindreinntekt takast med i berekninga av overføringa av ubrukt bevilling. I 2017 var det kr 261 000 i meirinntekter på kap. 3912, post 01. Ubrukt bevilling som kan overførast, aukar med kr 261 000.

Mogleg beløp som kan overførast

Kapittel 0912 post 01 kr 888 800.

Oppstilling av artskontorrapportering 31.12.2017

	Note	2017	2016
Driftsinntekter rapportert til bevillingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	1 358 000	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	409 070	0
Andre innbetalningar	1	0	0
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		1 767 070	0
Driftsutgifter rapportert til bevillingsregneskapen			
Utbetalningar til løn	2	10 967 982	0
Andre utbetalningar til drift	3	5 494 752	0
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		16 462 735	0
Netto rapporterte driftsutgifter		14 695 665	0
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevillingsrekneskapen			
Innbetalningar av finansinntekter	4	-705	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		-705	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevillingsrekneskapen			
Utbetalningar til investeringar		0	0
Utbetalningar til kjøp av aksjar		0	0
Utbetalningar av finansutgifter	4	168	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		168	0
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		873	0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetalningar av skattar, avgifter, gebyr m.m.		0	0
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader		0	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel*			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		14 375	0
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		1 348 424	0
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		459 213	0
<i>Netto utgifter rapportert på felleskapittel</i>		-903 586	0
Netto rapportert til bevillingsregnskapen		13 792 953	0

Oversikt over mellomvære med statskassa**

Eignelutar og gjeld	2017	2016
Fordringar	0	0
Kasse	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-478 944	0
Skyldige offentlege avgifter	0	0
Annan gjeld	0	0
Sum mellomvære med statskassa	5	-478 944

Note 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Klagegebyr KOFA	1 329 000	0
KOFA - ulovlege direkte anskaffingar	29 000	0
<i>Sum innbetalinger frå gebyr</i>	1 358 000	0
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>		
<i>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Eksterne refusjonsinntekter	409 070	0
<i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>	409 070	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
<i>Sum andre innbetalinger</i>	0	0
Sum innbetalinger frå drift	1 767 070	0

Note 2 Utbetalinger til løn

	31.12.2017	31.12.2016
Løn	6 470 535	0
Arbeidsgjevaravgift	1 348 424	0
Pensjonsutgifter*	925 363	0
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-871	0
Andre ytingar honorar nemndsmedlem	2 224 532	0
Sum utbetalinger til løn	10 967 982	0
Tal på årsverk:	11,9	0

Frå og med 1. januar 2017 betaler verksemnda pensjonspremie til SPK. For 2017 er arbeidsgjevar sin del av pensjonspremien 12 %.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2017	31.12.2016
Husleige	1 617 707	0
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eidegom og lokaler	184 232	0
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	2 080	0
Mindre utstysanskaffingar	160 108	0
Leige av maskiner, inventar og liknande	363 758	0
Kjøp av framandtenester	2 293 502	0
Reiser og diett	304 074	0
Andre driftsutgifter	569 292	0
Sum andre utbetalinger til drift	5 494 752	0

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Innbetalinger av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	-705	0
Valutagevinst	0	0
Annan finansinntekt	0	0
Sum innbetalinger av finansinntekter	-705	0

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetalinger av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	168	0
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetalinger av finansutgifter	168	0

Note 5 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.

Del A Forskjell mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2017	31.12.2017	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og delar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	4 000	0	4 000
Andre fordringar	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	4 000	0	4 000
Langsiktig gjeld			
Annan langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-394 864	0	-394 864
Skyldig skattetrekk	-478 944	-478 944	0
Skyldige offentlege avgifter	0	0	0
Annan kortsiktig gjeld	-32 069	0	-32 069
Sum	-905 877	-478 944	-426 933
Sum	-901 877	-478 944	-422 933